

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 04/23

Dato: 15.12.23 kl. 13.00 – ca. kl. 15.00.

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen.

<u>Til stades:</u> Knut Erik Paulsen, leiar Olav K. Hovet, nestleiar Lill-Grethe Tveiten Homme, medlem Liv Bratlie Løyland, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tor Ole Holbek, Anne Wikøren, Maren Stapnes og Tommy Pytten Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ kommunedirektør Vidar Homme Ordførar Lars Tarald Myrum
<u>Forfall:</u> Knut Olav Tveiten, medlem	

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

- SAK 22/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 20.09.23
SAK 23/23 TILBAKEMELDING EIGARSKAPSKONTROLL SMG IKS
SAK 24/23 KONTROLLUTVALET'S ÅRSPLAN 2024
SAK 25/23 INNSPEL TIL ROV-ANALYSE FORVALTNINGSREVISJON
SAK 26/23 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON «INTERNKONTROLL -AVVIK
OG AVVIKSHÅNDTERING I VALLE KOMMUNE»
SAK 27/23 REVISOR ORIENTERAR

Orienteringar

Agder Sekretariat – presentasjon, oppgåver, arbeidet i kontrollutvalet
Agder Kommunerevisjon IKS – presentasjon, oppgåver

Praktisk

Kurs, konferanser og opplæring

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalget:

Eventuelt

Referatsaker

- Ref 07/23 Rapport frå tilsyn med beredskapsplanlegginga i Valle kommune
Ref 08/23 Avslutning av tilsyn med beredskapsplanlegginga i Valle kommune

Underskrift

Knut Erik Paulsen
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, postmottak og Setesdølen

SAK 22/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 20.09.23

Vedtak:

Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 20.09.23 tas til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 20.09.23

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 20.09.23 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 20.09.23 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 23/23 TILBAKEMELDING EIGARSKAPSKONTROLL SMG IKS

Vedtak:

Kontrollutvalet tar tilbakemelding på eigarskapskontroll SMG IKS til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Tilbakemelding frå kommunedirektør på eigarskapskontroll SMG IKS
Tilbakemelding frå dagleg leiar SMG IKS

Bakgrunn:

Eigarskapskontrollen i SMG IKS, vart handsama i kommunestyret 31.05.23.

Kommunestyret vedtok følgande:

Kommunestyret tar rapporten «Eigarskapskontroll Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS» frå Agder Kommunerevisjon IKS til orientering.

Kommunestyret ber kommunen/ eigarrepresentant/ selskapet følge opp tilrådingane i rapporten.

Kommunestyret ber kommunen/ eigarrepresentant/ selskapet rapportere skriftleg til kontrollutvalet om korleis revisors tilrådingar er følgt opp innan 20. september 2023.

Eigarskapskontroll er ein del av kontrollutvalets kontrollverksemd, jf. kommunelova § 23-4. Eigarskapskontroll er ei av dei lovpålagte oppgåvene til kontrollutvalet og utvalet skal sjå til at det vert gjennomført kontroll med den som utøver kommunens eigarinteresse og utøver mynde og på den måte som er fastsett i den aktuelle verksemda. I kontrollen inngår også ei vurdering av den som utøver eigarinteressene gjer dette i samsvar med kommunens vedtak og forutsetningar for forvaltninga av kommunens eigarinteresser.

Anbefalingar

På grunnlag av dei funn og vurderingar som er gjort av revisjonen i eigarskapskontrollen, kom revisjonen med desse anbefalingane: (Tilbakemeldingane i *kursiv* frå SMG IKS og i *blå kursiv* frå kommunedirektør)

- Revisjonen anbefaler kommunen at det gis god folkevalgtopplæring om eierskap og eierstyring, jf pkt 5.3.

Kommunedirektøren fylgjer dette opp i samband med planlegginga av folkevaldopplæringa for komande valperiode. Folkevaldopplæringa vert gjennomført i samarbeid med KS og programmet skal fastsetjast i starten av oktober.

- Revisjonen anbefaler at i og med at det utarbeides eierskapsmeldinger i hver valgperiode jf koml § 26-1, så bør man foreta en årlig rapportering til kommunestyret om økonomi og viktige saker i selskapet, jf pkt 5.4.

Vi er i tvil om hvem som skal foreta denne rapportering, vi mener at det er kommuneadministrasjonen som skal utarbeide en rapport som liggjes frem for de respektive kommunestyrene.

Selskapet utarbeider årsberetning og årsregnskap hvert år. I årsberetningen er de viktigste ting tatt opp dette gjelder både økonomi og andre saker som er av stor betydning for selskapet. SMG stiller imidlertid gjerne i kommunestyret og informerer i samband med gjennomgang av en rapport på dette området eller i andre sammenheng.

Kommunedirektøren utarbeider eit årshjul for kommunestyret der det vert lagt inn eigarmøte og årleg rapportering om økonomi og viktige saker for dei interkommunale selskapa kommunen er deltakar i. Årshjulet vert innarbeidd frå og med den komande valperioden.

- Revisjonen anbefaler at selskapsavtalen oppdateres med lovhenvising etter ny kommunelov ved neste revisjon jf pkt 5.5.

SMG foretar en gjennomgang av selskapsavtalen og ser til at denne oppdateres med korrekte lovhenvvisninger. Det vil samtidig bli vurdert om det er andre endringer som bør gjennomføres.

Dersom nødvendig vil selskapsavtalen bli behandlet i representantskapet i representantskapsmøte i desember, hvoretter den oversendes kommunene for godkjenning.

Med hensyn til rettelsene i forhold lovhenvvisning mener vi ikke dette trenger behandles i kommunestyrene.

- Revisjonen anbefaler at kommunen vurderer å avholde eiermøter ut over representantskapsmøtene, for å sikre gjensidig informasjon mellom eierkommune og selskap, jf pkt 5.6

Selskapet vil fremover kalle inn til eiermøte to ganger i året. Av hensyn til planlegging og deltagelse vil disse bli lagt i forlengelse av de ordinære representantskapsmøter.

Kommunedirektøren utarbeider eit årshjul for kommunestyret der det vert lagt inn eigarmøte og årleg rapportering om økonomi og viktige saker for dei interkommunale selskapa kommunen er deltakar i. Årshjulet vert innarbeidd frå og med den komande valperioden.

- Revisjonen anbefaler at man etablere rutiner for vurdering og håndtering av habilitet i styret jf pkt 5.9.

Selskapet etablerer skriftlige rutiner for habilitetsvurdering. I innkalling til styremøter vil det fremover være en anmodning til styrerepresentantene om å vurdere sin habilitet i forhold til sakene i innkallingen.

- Revisjonen anbefaler at kommunen foretar en prinsipiell avklaring av godtgjøring for styreverv jf pkt 5.10.

Kommunedirektøren legg til grunn at slik avklaring vert gjort når eigarskapsmeldinga i kommunen skal reviderast. Neste revisjon skjer etter planen i 2024.

- Innføre en ordning som sikrer at styreverv rutinemessig blir innmeldt i KS styrevervregister, jf pkt 5.11.

SMG meldes i KS styrevervregister og ser til at medlemmer blir registrert i styrevervregisteret.

- Revisjonen anbefaler at rekruttering til styret ikke bør begrenses til kommunalt ansatte jf pkt 5.14

Eierkommunene har valgt en valgkomité som har ansvar for sammensetting av styrekandidater. Det er kommunestyrene som må ligge føringer til valgkomitéen om denne kan hente inn ekstern styrekompetanse.

Jf. kommunedirektøren sine tidlegare merknader til dette punktet i høyringssvaret frå april. Tilrådinga vert vurdert i kommunedirektørutvalet som valnemnd for selskapet.

- Revisjonen anbefaler at det nedtegnes i eierstrategi at det skal gjennomføres årlige styreevalueringer, jf pkt 5.15.

Styret i SMG vil innføre rutine gjennomføre en årlig egnevaluering av styret sitt arbeid.

- Revisjonen anbefaler at man ved revisjon av selskapsavtalen vurderer en ordning hvor man oppnevner numeriske vararepresentanter jf pkt 5.16.

SMG vil ved revidering av selskapsavtalen fremme forslag til endring i selskapsavtalen §8 om at det innføres numeriske varamedlemmer til styret i stedet for personlige varamedlemmer. Dette er en endring i selskapsavtalen som vi mener må behandles i eierkommunene.

- Revisjonen anbefaler at Valle kontrollutvalg og kommunens revisor blir varslet fra kommunen om representantskapsmøter i SMG, jf. pkt 5.18.

Jevnfør teksten er det kommunen sitt ansvar å varsle kontrollutvalget og revisor om avholdelse av representantskapsmøte i SMG.

I forbindelse med innkalling til representantskapsmøte sender SMG innkallingen til eierkommunene/v. kommunedirektøren. Samme innkalling har vanligvis også blitt sendt revisor.

Kommunedirektøren utarbeider rutine for å informere kontrollutvalet og revisor om representantskapsmøte i SMG. Rutina skal vere gjeldande frå den komande valperioden.

Kommunedirektør er invitert til møte for å orientere om kommunens oppfølging av anbefalingane.

Vurdering:

Det å bidra til forbedring er eit viktig aspekt for kontrollutvalet ved gjennomføring av eigarskapskontroll. Sekretariatet har ingen spesielle merknader til tilbakemeldinga på oppfølginga av anbefalingane i rapporten.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar tilbakemelding på eigarskapskontroll SMG IKS til orientering.

SAK 24/23 KONTROLLUTVALETS ÅRSPLAN 2024

Vedtak:

Framlegg til kontrollutvalets årsplan for 2024 vert vedteke.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Framlegg til årsplan for 2024

Bakgrunn for saka:

Det er etablert ein praksis med å utarbeide ein årsplan for kontrollutvalet. Sekretariatet har utarbeidd eit forslag til årsplan som vert lagt fram for godkjenning i utvalet.

Årsplanen er ikkje å forstå som ein fullstendig presentasjon av alle dei oppgåver/saker som kontrollutvalet vil handsame i løpet av året, men legger vekt på dei oppgåver som utvalet etter lov og forskrift er pålagt å handsame.

I tillegg til dei ordinære sakene vil det i løpet av året også dukke opp førespurnader og problemstillingar som vert gjenstand for drøfting i utvalet.

Kontrollutvalet oppfordrast til å komme med innspel til planen og bes vurdere moglege orienteringar.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til kontrollutvalets årsplan for 2024 vert vedteke.

SAK 25/23 INNSPEL TIL ROV-ANALYSE FORVALTNINGSREVISJON

Vedtak:

Kontrollutvalet anbefaler at følgande område blir vurdert i ROV-analysen for forvaltningsrevisjon 2023-2027:

- *Pleie og omsorg*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023

ROV 2019-2023, oversikt over aktuelle områder for forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har tidlegare i år bestilt ny risiko- og vesentlighetsanalyse (ROV) for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontroll. Særleg når det gjeld ROV forvaltningsrevisjon er det aktuelt for kontrollutvalet å kome med innspel til aktuelle område/prosjekt basert på lokalkunnskapen som utvalet har.

Denne saka var til handsaming i førre møte 20.90.23 og utvalet vedtok følgande:

Kontrollutvalet send saka til nytt kontrollutval for handsaming i neste møte.

For oversiktens skyld følger vedtatt plan for forvaltningsrevisjon med tilhøyrande utdrag frå tidlegare ROV som vedlegg til denne saka.

Vurderingar:

Sekretariatet utarbeider framlegg til plan for forvaltningsrevisjon når ROV for den komande perioden er ferdig stilt. Det er kontrollutvalet som vel ut dei prosjekta dei ynskjer å prioritere den komande perioden.

Utvalet kan fritt kome med forslag til område/prosjekt som ein tenker kan være aktuelle, både innanfor den kommunale drifta og i kommunale selskap.

Utvalet bes diskutere aktuelle område og kome med innspel til revisors arbeid med ny ROV-analyse.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet anbefaler at følgande område blir vurdert i ROV-analysen for forvaltningsrevisjon 2023-2027:

SAK 26/23 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON «INTERNKONTROLL - AVVIK OG AVVIKSHÅNDTERING I VALLE KOMMUNE»

Vedteke innstilling:

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Valle kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.06.2024

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Rapport frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 4. desember 2023

Saksopplysningar:

Generelt:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen drives på ein måte som varettek innbyggjarane sine behov og rettigheter best mogleg. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon undersøker kontrollutvalet om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte.

Fokus på å bidra til forbetring er eit viktig aspekt med gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 09.11.2022 ei tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Styring og internkontroll - avvik og avvikshåndtering» med fokus på i kva for grad Valle kommunes internkontrollsystem bidreg til å avdekke å følgje opp avvik og risiko for avvik.

Rapporten har på vanleg måte vore på høyring hjå kommunen. Høyringssvaret står på side 40 i rapporten. Kommunedirektør er invitert til møtet.

Endeleg rapport vart ferdig i desember 2023 og vert med dette lagt fram for handsaming i kontrollutvalet. Revisjonen vil presentere rapporten i møtet og svare på eventuelle spørsmål frå kontrollutvalet.

Problemstillingar:

Forvaltningsrevisjonsprosjektet har vore gjennomført med følgande hovudproblemstillingar:

1. I kva for grad bidreg Valle kommunes internkontrollsystem til å avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik?
2. Rapporterer kommunedirektøren i Valle kommune til kommunestyret om internkontroll minst ei gong i året?

Funn:

Konklusjonane nedanfor er henta direkte frå rapporten.

Valle kommune bruker kvalitetssikringssystemet Compilo som internkontrollsystem. Kommunedirektøren har også nylig tatt i bruk Framsikt for overordnet virksomhetsstyring. I Compilo benyttes avviksmodule og dokumentbiblioteket. ROS-modulen i Compilo er under innarbeiding i kommunen. I dokumentbiblioteket finner vi HMS-håndboken som har rutiner for avvik og avvikshåndtering knyttet til HMS-området. Dokumentene vedrørende avvik og avvikshåndtering er delvis skriftliggjort og tilgjengelige. Kommunen gjennomfører også en opplæring av kommunens ansatte, denne opplæringen blir holdt med jevne mellomrom og er gjort tilgjengelig for ansatte til å se opptak av. Revisjonen finner at noen enheter har rutiner knyttet til spesifikke hendelser, hvor den ansatte skal melde hendelsen som avvik i Compilo.

For eksempel at det skal meldes avvik ved sikkerhetsavvik hos pleie og omsorg. Kommunen har rutiner for håndtering av avvik tilgjengelig i Compilo. Revisjonen savner mer fokus på avvik utenfor HMS-området. Revisjonen konkluderer med at Valle kommune har utarbeidet nødvendige rutiner og prosedyrer for å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik. Revisjonen konkluderer med at avvikssystemet er dokumentert i den form og det omfang som er nødvendig for å dekke lovens minstekrav.

Revisjonen finner i åpne og lukkede avvik at det er gjort vurderinger om behov for nye eller forbedring av rutiner/prosedyrer. Kommunen forteller også om et eksempel fra pleie og omsorg hvor det kom mange avvik på legemiddelhåndtering og at det førte til en gjennomgang av rutiner for å få ned antall avvik. Revisjonen finner at dokumenter i Compilo jevnlig evalueres og evt. revideres. Revisjonen konkluderer med at Valle kommune evaluerer, og ved behov forbedrer, skriftlige prosedyrer og andre tiltak for å avdekke og følge opp risiko for avvik.

Valle kommune har våren 2023 satt i gang omfattende opplæring i kommunen knyttet til internkontrollsystemet, herunder avvik. Spørreundersøkelsen viser at de fleste ansatte har tilgang til systemet og har fått opplæring i avvik. Målet med opplæringen er ifølge kommunen å ufarliggjøre avvik, slik at meldekulturen i kommunen blir bedre. Spørreundersøkelsen viser at de ansatte opplever meldekulturen som middels og rett under halvparten av de ansatte (46%) har meldt et avvik. Revisjonen vurderer dette til å være noe lavt. Revisjonen vurderer videre at kommunen følger opp avvik og risiko for avvik. Vi mener det foreligger forbedringspotensial når det gjelder fokus på å melde alle avvik i systemet. Revisjonen konkluderer med at de ansatte i Valle kommune er kjent med rutinen for å melde inn avvik.

På bakgrunn av konklusjonene på underproblemstillingene konkluderer revisjonen med at kommunens internkontrollsystem bidrar i tilstrekkelig grad til å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik, jf koml § 25-1.

Revisjonen vurderer at kommunedirektøren rapporterer til kommunestyret om internkontroll, men at rapporteringen er generell. Rapporteringen blir gitt i årsmeldingen og den gir kort informasjon om avvik og avvikshåndtering, samt noe avviksstatistikk. Revisjonen finner at det refereres til kommunens HMS-arbeid, herunder også internkontroll, i økonomiplanene og budsjettet. Denne rapporteringen bærer preg av å være noe gjentakende. Etter revisjonens oppfatning er rapporteringen på internkontroll blitt nedprioritert, men dette er noe som kommunen jobber med å få bedre til gjennom bruk av flere digitale styringsverktøy. Revisjonen vurderer at rapporteringen kan få større plass og fokus i fremtiden. Rapporteringen i årsmeldingene vurderer revisjonen til å være i tråd med koml § 25-2.

Revisjonen konkluderer med at kommunedirektøren i Valle kommune rapporterer til kommunestyret om internkontroll minst én gang i året jf koml § 25-2.

Revisors tilrådingar:

På bakgrunn av dei vurderingane som er gjort av revisjonen i rapporten, kjem dei med nokre tilrådingar om tiltak som dei meiner kan styrke arbeidet med internkontroll i Valle kommune.

Revisjonen kjem med desse tilrådingane:

- Kommunen bør ha økt fokus på alle typer avvik som bør meldes i internkontrollsystemet, se pkt. 5.2.
- Kommunen bør fortsette opplæring i internkontrollsystemet for ansatte og ledere for å sikre at avvik og risiko for avvik avdekkes, se pkt. 5.4 og 5.5.
- Kommunen bør vurdere om rapporteringen om internkontrollen i kommunen gir den informasjonen de ønsker på området, jf. kommunelovens § 25-2, se pkt. 6.3

Vurdering:

Som alt nemnd i saka er eit viktig formål med forvaltningsrevisjon å bidra til forbetringar. Ein antek at rapporten vil vere eit nyttig grunnlag for kommunens forbetningsarbeid på området.

Det er kommunestyret som gjer vedtak i saka etter innstilling frå kontrollutvalet. Sekretariatet råder kontrollutvalet til å gjere framlegg til kommunestyret om å be kommunedirektør følge opp revisjonens tilrådingar i rapporten.

Det bør i tillegg bli sett ein frist for tilbakemelding til kontrollutvalet.

Framlegg til innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Valle kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.06.2024.

SAK 27/23 REVISOR ORIENTERAR

Handsaming i møte:

Rekneskapsrevisjon – i slutfasen av interimrevisjon og begynner snart på årsoppgjeret. Det vert frå nyttår bytte av økonomisystem i kommunen.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Praktisk

Kurs, konferansar og opplæring :

Sekretariatet sender ut informasjon om NKRF kontrollutvalskonferanse 31.01.24-01.02.24.

Alle medlemmar i møte melder seg på Agder Sekretariat sin dagskonferanse 10. januar 2024 på Rosfjord Strandhotel.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalget: Neste møte i kontrollutvalet er 15.02.24

Eventuelt

Kommunestyrets vedtak i møte 29.11.23 vert fulgt opp med eiga sak i neste møte.

Kommunedirektør vert invitert til møte for å orientere.

Kommunestyret bed kontrollutvalget utføre ein revisjon av Pleie og omsorg med bakgrunn i budsjettoverskridelsen i 2023. Rapporten skal leggjast fram for kommunestyret i løpet av 2024.

Referatsaker

Ref 07/23 Rapport frå tilsyn med beredskapsplanlegginga i Valle kommune

Ref 08/23 Avslutning av tilsyn med beredskapsplanlegginga i Valle kommune

Kontrollutvalget tar referatsakene til orientering.